


LexicoNordica

Forfatter: Trond Trosterud [Den første estisk-norske ordlista er publisert]

Anmeldt værk: Turid Farbregd og Gennadi Jagomägi. 1997. *Eesti-norra sõnastik/ Estisk-norsk ordliste*. Tartu: Kirjastus Ilmamaa.

Kilde: LexicoNordica 5, 1998, s. 275-280

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Trond Trosterud

Den første estisk-norske ordlista er publisert

Turid Farbregd & Gennadi Jagomägi: *Eesti-norra sõnastik/Estisk-norsk ordliste*. Tartu: Kirjastus Ilmamaa, 1997.

Den første estisk-norske ordlista er publisert, ei nett lita bok på 150 sider, med i overkant av 5000 oppslagsord. Så veldig mange ord er det ikkje, men kvart oppslagsord har fått den merksemda ein kunne vente av ei skikkeleg ordbok. Så med litt mindre beskjedenheit frå forfattarane kunne dei godt ha kalla verket sitt for *Väike eesti-norra sõnaraamat/Lita estisk-norsk ordbok* i staden. Ordlista er asymmetrisk lagt opp, ho oppgjev grammatisk informasjon om norsk men ikkje om estisk, m.a.o. tar ho mest omsyn til den estiske brukaren. Men det er heller ikkje så lite denne brukaren får. For alle omsettingane til oppslagsorda gjev *Eesti-norra sõnastik* (i resten av meldinga forkorta til ENS) opplysningar om bøyingsmønster og evt. uregelrett bøyning, og for omtrent halvparten av oppslagsorda er det òg ført opp døme på bruk, som viser både idiomatiske uttrykk og val av preposisjonar osb. ENS inneheld òg ein femten siders norsk grammatikk, og ein parlør. I denne bokmeldinga vil eg gå nærare inn på grammatikken, og deretter sjå litt på sjølve ordboksdelen av ENS.

Som sjangeren krev, vil eg konsentrere meg om dei negative aspektane, og prøve å gje konstruktiv kritikk. Derfor vil eg med ein gong seie at hovudintrykket er positivt, at resultatet har vorte ei bok brukaren vil ha både glede og nytte av. Så til den konstruktive kritikken.

Uttalerettleiinga

På femten sider gir ENS på eit uortodokst, men overraskande effektivt vis ei innføring i norsk grammatikk. Innføringa knyter seg ikkje først og fremst til ordboka og ser heller ikkje ut til å vera skriven for den som vil lesa norske tekstar, snarare er ho ein god reiskap for den som vil produsere norske ytringar sjølv, i talt eller skriven form.

Når ein tar til med eit nytt språk, vil ein gjerne uttale orda bortimot rett frå starten av, og grammatikken startar med eit kapittel om standard austnorsk uttale (eit par ord om at det er "standard austnorsk" og ikkje

"norsk" det dreier seg om, hadde nok vore på sin plass, om ikkje anna så for å førebu estaren på at ho nok kan vente seg noko ganske anna enn dette frå ulike nordmenns munnar). Først ute er ikkje overraskande vokalane. Lengde er fint forklart (viss lang vokal så kort konsonant og omvendt, i skrift markert med enkel og dobbel konsonant), men vi får ikkje vita at dette gjeld berre for trykksterk staving (lange lydar finst ikkje i trykksvak posisjon, i motsetnad til systemet i estisk). Ei kort liste over unntaka (ord med ein konsonant, men likevel kort vokal) hadde òg vore fint, i og med at dei utgjer ei lita gruppe svært frekvente ord (*at, kan, man, men, skal, til, vil*).

ENS bruker det estiske skriftspråket som lydalfabet, og det går strålande nesten heile tida. I dei tilfella norsk har lydar som ikkje finst i estisk, ignorerer ENS dessverre dette. Eg veit ikkje om det er redsla for ukjende bokstavsymbol eller for ukjende lydar som ligg bak, men resultatet er ei uttalerettleiing som sviktar når ho trengst som mest. Sjølv har eg stor tiltru til estiske språkstudentar si evne til å lære seg lydar som ikkje finst i estisk, og ein del av dei framande norske lydane vil og vera kjende frå andre språk som estarar kan, så som tysk. Eit alternativ er å bruke IPA, eit anna og truleg betre alternativ er å halde fram med å bruke det estiske alfabetet, men å bygge det ut der det trengst. Framlegg til ekstrateikn: **ç** kan brukast for lyden i **kjole**, slik: [çuule]. Retrofleksane ([T , ð , Ò , =]) kan t.d. skrivast som **t, d, l, n** med prikk under.

Det som blir sagt om uttalen til eit par av bokstavane, krev kommentar.

Uttalen av bokstaven **o** er eit av dei mest pinlege kapitla i det norske skriftspråket si historie, men det er likevel ikkje så ille som ENS vil ha det til: "Reegleid ei ole" ("Det er ingen reglar"). Det finst reglar, og dei fleste unntaka er det òg reglar for: Når **o** står for lang lyd, uttalast han [u], når han står for kort lyd, uttalast han [o]. Bokstaven **o** i slutten av ord er alltid lang og uttalast dermed alltid [uu]. Framandord har sine reglar, her er **o** som regel [u]. Fleire reglar kan hentast fram frå faglitteraturen.

ENS kan fortelje oss at **y** uttalast på same måten som **u**, men meir i retning av **i**. Dette er vel og bra, men dessverre skrivest begge lydane med same symbol [ü]. Her kunne symbolet [y] ha vorte brukt for **y**, attmed [ü] for **u** og [u] for **o**. Mangelen på eige symbol for **y** gjer og at det blir umogleg å gjera greie for diftongen **øy**. Diftongen **øy** uttalast ikkje [öi], heller ikkje [öü], men [öy].

ENS hevdar at **k** framfor fremre vokalar blir uttala som [ts]. Det finst norske dialektar der dette er rett, men i standard austnorsk heiter det [ç], *kilo* er altså [çiilu] og ikkje [tsiilo]. [ç] finst ikkje på estisk, men

er ikkje vanskeleg å forklare: "[ç] som i tysk **ch** *Kirche* og *München*", evt. med matrisa $t : s = k : ç$. Dette er ein viktig lyd å få rett, jfr. ord som *tjuesju*. Eventuelt kan de trøste lesaran med at det no veks opp ein ny generasjon nordmenn som ikkje skil mellom ç og s.

Eit viktig trekk ved fonologien i austnorsk er dei retroflekse lydane. Dei oppstår når ein kombinerer **r** og ein av alveolarane (t, d, l, n, s). Av desse godtar ENS ein, nemleg s for **rs** i eksempelet **vær så god** som [vää-so-gu] (den finale vokalen skal vera lang). Dei andre blir presentert snart som bortfall av [r]: **barn** [baan] (korrekt [baa=]), **gjør du** [jöö-dü] (korrekt [jöö-ðüü]) snart som bevaring av [r]: **hvordan** [vuurdan] (korrekt [vurðan]). Viss forfattarane meiner retrofleksane er så vanskelege at dei må skjulast for estiske norskstudentar får dei heller presentere ein dialekt eller sosiolekt utan retrofleksar, dei har vi (heldigvis for utanlandske norskstudentar) nok av i Noreg. Det er mykje betre å snakke austnorsk men med separat [r] som i vestnorsk, altså heller [furt] enn [futt], viss [fuTT] er for vanskeleg. Men skal det seiast [furt] (som på side 126), må det òg seiast [barn] og [jöö- düü] på side 127. Sjølv trur eg forfattarane undervurderer estarane her. Det som skal til, er å uttale **t, d, l, n** med tunga i den posisjonen ho er i når dei uttalar s. Og det er jo ikkje vanskeleg.

Grammatikkdelen

Grammatikkdelen, som er eit pionerarbeid (det første estiskepråklege oversynet over norsk grammatikk), er som sagt overraskande effektiv, det er tydeleg at forfattarane har nytteperspektivet som overordna rettesnor når grammatikken til eit heilt språk skal pressast inn på eit par sider. Eit par gonger går det likevel litt for fort.

Futurum kan vi ifølgje ENS i norsk danne med hjelpeverba *skal* og *vil*, utan at det blir gjort greie for skilnaden mellom desse to. Men dei to verba tyder slett ikkje det same. Vi kan seie *Jeg vil dra, men kan dessverre ikke*, men ikkje **Jeg skal dra, men kan dessverre ikke*. Forfattarane bør heller la futurum bli uttrykt med *skal*, og hoppe lett over *vil* (eller skrive eit eige avsnitt om modalitet).

Vi får òg servert preteritumsforma av s-passiven: *Boka lestes/boka ble lest*. Etter mitt syn er s-forma her bortimot ugrammatisk i norsk (men fullt levande i svensk). Heller enn å vandre i grenselandet mellom det moglege og det umoglege (??*Boka skreves* ≠ *Boka ble skrevet* !) bør norskstudenten bli leia inn på den trygge vegen, med *Boka ble lest*, *Boka ble skrevet*.

Norsk har ikkje kasus genitiv. Det ENS kallar genitiv (-s) er ikkje kasus, men ein klitisk partikkel. Dette er ikkje terminologisk flisespikkeri. Stikk i strid med det vi må tru ut frå ENS si framstilling, refererer ikkje ein frase av typen (dette og neste døme er TT sine egne) *Kongen av Danmarks kamferdrops* (N av N-s N) til ein dropsekonge, men til kongedrops (det er kongens drops og ikkje Danmarks), og det er heller ikkje utan vidare slik at mannen i *Mannen som står på verandaens askebeger* faktisk står på eit askebeger. Kasus er, som alle estarar veit, noko substantiv bøyest i. Så lenge det kan vera mannens askebeger sjølv med s-en godt hekta på verandaen, er ikkje -s ei kasusending i norsk. I det heile er markering av eigarforhold i norsk mangfaldig, men alt anna enn tilfeldig. Konstruksjonstype blir i nesten samtlige tilfelle bestemt av kva ordklasse eigaren høyrer til, og av korvidt den eigde står i bestemt eller ubestemt form. Med ein litt kompakt typografi kan ein klemme inn ein tabell som viser dette, på den plassen det i ENS går med til å liste opp usystematiske døme.

Grammatikkdelen inneheld ei alfabetisk liste over preposisjonane i norsk, med instruktive døme. Etter mitt syn går den alfabetiske lista berre ei eventuell norsk-estisk ordbok i næringa (men så lenge vi ikkje har ei slik bok, er det fint med ei preposisjonsliste!). Viss eg vil finne ut korleis preposisjonen *til* brukast, kan eg jo berre slå opp der. Eg saknar to ting: For det første vil eg ha ein systematisk oversikt over klart avgrensa delar av det norske grammatiske systemet. Dette gjeld særleg det systematiske estiske systemet til-i-frå (-sse / -s / -st og -lle / -l / -lt), som i norsk er mindre spesifisert etter at skilnaden mellom akkusativ og dativ forsvann, jfr. (*legge*) i *eska* – (*ligge*) i *eska* – (*ta*) ut av *eska*. For det andre kan det hende at ei framstilling med utgangspunkt i estiske kasus hadde vore vel så nyttig for den estiske brukaren: "På estisk bruker eg her komitativ / illativ / osb. Kva tilsvare det på norsk?"

Etter preposisjonslista blir det hevda at ein del av dei norske preposisjonane også kan stå etter komplementet sitt, dvs. faktisk vera postposisjonar, som i *huset (som) vi bor i, hva tenker du på?* Det som ikkje går fram her, er at sjølv om estisk *läbi* er både pre- og postposisjon (*läbi metsä ~ jääst läbi*), så er det ikkje slik i norsk, vi kan berre seie *gjennom skogen, gjennom isen, aldri isen gjennom* (eg ser her bort i frå frasar som *hele året igjennom*). Eksempla ENS kjem med, viser preposisjonsstranding, dvs. at ein relativ- eller spørjesetning har fjerna ei substantivfrase, men latt preposisjonen stå att der bak. Dette i seg sjølv er eit fenomen som kan bli tatt opp, men det må presenterast som det det er.

Ordbokdelen

Ordforrådet er lite, berre 5000 ord, og vi vil alle finne manglande ord frå våre eigne fag- og interessefelt. Likevel er eg som norsk brukar kanskje litt skuffa over at ordforrådet til ein frå eit læringsperspektiv så sentral estiskspråkleg tekst som ENS sitt eige grammatikktillegg ikkje er dekkja i ordboka (termen *määrsõna*, "adverb", manglar t.d.). Rett nok er det mange andre ting enn lingvistik som er viktig her i verda, men alle brukarane av ENS har i alle fall det til felles at dei må studere grammatikk nok til å lære seg norsk eller estisk.

Eg saknar trykkmarkering for dei norske orda, evt. også med tone- lagsmarkering som ekstrabonus. Tilsvarende ville ein norsk brukar ha sett pris på trykkmarkering i dei (få) estiske orda som ikkje har trykk på første staving.

ENS gir ofte to synonym for same oppslagsord. Til skilnad frå V.D. Arakin si *Norsk-russisk ordbok* gir ho heldigvis også i dei aller fleste tilfella eksempelsetningar for begge dei to orda, slik at det skal vera mogleg å forstå skilnaden mellom dei (t.d. er det estiske ordet **punkt** omsett med tre norske ord, *punkt*, *punktum* og *poeng*). For å bruke rett ord i rett kontekst treng vi gode døme, og det gir ENS. Takk for det! Eit par gonger sviktar det, som i **riivama** *berøre*, *snerte*, som står utan døme, sjølv om dei to norske orda ikkje kan brukast om kvarandre. Men det er tydeleg at forfattarane har bestemt seg for eit døme for kvar omsetting, og som regel får dei det til.

Symmetri

Boka er laga for estiske brukarar, noko som er fullt forståeleg når ein veit at ho er komme ut som resultat av mykje dugnadsarbeid og på eit lite forlag i Tartu. Likevel hadde eg gjerne sett eit par konsesjonar til norske brukarar òg. Trykkmarkering i estiske ord er eit moment, eit anna er informasjon om palatalisering. Eit godt døme er praksisen i Paul Saagpakks *Eesti-englise sõnaraamat*. Om ein ikkje oppgir deklinasjonsklasse, slik som Saagpakk heldigvis gjer, kan ein i alle fall oppgje bøyingsstammen.

Typografi

Jamt over har boka ein tiltalende og informativ typografi. Eg har berre eit par ting å sette fingeren på: For det første står eksempelsetningane i

feit kursiv, der eg heller ville ha hatt berre kursiv, for dermed betre å skilje mellom oppslagsord og ordartikkel. For det andre har tabelltekst og tabellforklaring i grammatikkdelen same typesnitt (vanleg), noko som gjer det vanskeleg å skilje ut den norske teksten. Grammatikkdelen ville og ha vore lettare å finne fram i med nummererte kapittel, med toppetekst som fortalde kor vi var, og med ei lita innhaldsliste. Men dette er småting (som òg er lett å endre på).

Konklusjon

Her har eg drege fram negative sider ved ordboka. Lesaren av denne meldinga må likevel hugse på at det meste eg kjem med, er småplukk og finjustering. Grammatikktillegget er uortodokst, men etter mitt syn svært effektivt. Uttaleopplysningane gir oss det vesentlegaste, og stort sett får vi gode og relevante døme på bruk av dei orda vi treng det for. Alt i alt er det ei vakker lita bok vi har fått, ein nykomling i den norske og estiske leksikografiske floraen, og samtidig eit viktig bidrag til å bygge ut kontaktane mellom Noreg og Estland.